

Til alle leverandører av varer og tenester og andre avtaleparter til Fjell, Sund og Øygarden kommunar

1. Fjell, Sund og Øygarden kommune slår seg saman frå 01.01.20

Den 08.06.17 vedtok Kongen i statsråd samanslåing av kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Dei tre kommunane vert slått saman til ein kommune med verknad frå 01.01.20. Dei tre kommunane opphøyrer då som sjølvstendige juridiske einingar. Det var samstundes oppretta ein ny juridisk eining, som heiter Øygarden kommune med organisasjonsnummer 922 530 890. Fram til samanslåinga har den nye kommunen eit arbeidsnamn for å skilje han frå dei tre eksisterande kommunane: Nye Øygarden kommune.

Den nye kommunen har ein prosjektorganisasjon som har mynde til å gjere vedtak med verknad for den nye kommunen. Dei eksisterande kommunane har mynde på eigne vegne fram til 31.12.19.

For meir informasjon om den nye kommunen, sjå nettsida www.nyeoygardenkommune.no

2. Nye Øygarden kommune må kartlegge gjeldande avtaler, mm.

Den nye kommunen vil, dersom anna ikkje vert avtalt, overta alle kontraktar, leverandøravtaler, plikter og rettar, som dei tre gamle kommunane hadde, frå 01.01.20.

Dette fører til at (nye) Øygarden kommune må kartlegge kva avtaler som kviler på dei tre gamle kommunane: Det kan vere behov for å slå saman avtaler, revidera andre avtaler, eller vidareføre avtalen utan endringar i den nye kommunen. Det må altså gjerast ei vurdering av alle avtaler som dagens tre kommunar har, både med eksterne aktørar eller interkommunale samarbeid. I det høvet må det vurderast om avtalane skal vidareførast som i dag eller om nokon må reviderast, seiast opp, eller anna.

Dei tre kommunane har gitt mynde til prosjektorganisasjonen med omsyn til å innhente informasjon, kartlegge og evt revidere eller seier opp eksisterande avtaler og samarbeidstilhøve.

3. Oppmoding om å ta kontakt

På denne bakgrunn ber prosjektadministrasjonen i Nye Øygarden kommune at alle avtalepartar, leverandørar, samarbeidspartnarar og andre med løpande avtaler i ein av dei tre kommunane (Fjell, Sund og Øygarden) om å ta kontakt med Nye Øygarden kommune på epostadressa avtalar@nyeoygardenkommune.no

oppmodinga gjeld:

- Alle leverandører av varer og tenester til Fjell, Sund og/eller Øygarden kommune.
- Alle partar i samarbeidsavtaler mellom lag og organisasjonar, og Fjell, Sund og/eller Øygarden kommune.
- Alle partar i interkommunale samarbeid med Fjell, Sund og/eller Øygarden kommune.
- Alle selskapsavtaler der Fjell, Sund og/eller Øygarden kommune er part.

Prosjektorganisasjonen ber om at de sender inn namn på leverandør/samarbeidspartner, kort skildring av kva avtalen går ut på, og helst ein referanse til/kopi av kontrakt eller avtale. Hugs å ta med oppdatert kontaktinformasjon og kven kommune avtalen/samarbeidet er inngått med.

4. Svarfrist

Det vert bedt om at de kontaktar Nye Øygarden kommune så snart som mogleg. Når prosjektadministrasjonen har motteke melding frå dykk, så vil de høyre frå administrasjonen med omsyn til vidare prosess.

5. Betinga oppseiing frå 31.12.19

Dersom Nye Øygarden kommune ikkje høyrer frå dykk, så vert det gjort merksam på at dette varselet då skal sjåast på som ei skriftleg oppseiing av avtalen/samarbeidstilhøvet, med den oppseiingsfristen som er gjeldande i avtalen.

Oppseiinga vil vere effektiv pr 31.12.19, slik at avtalt oppseiingsfrist skal reknast frå same dato. Dersom det ikkje er oppseiingsfrist i avtalen, så skal tilhøvet reknast for avslutta den 31.12.19.

Dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden har mynde til å seie opp avtaler på eigne vegne fram til 31.12.19. Mynde er gitt til Nye Øygarden kommune med omsyn til avtaler og kontraktar, og denne oppseiinga er då gitt innan fristen frå rett avtalepart med forpliktande mynde til dette.

Grunnen til at ein må gjere dette slik, er at den nye kommunen har behov for å rydde og reorganisere avtaleportefølje inn i ny kommune. Ta kontakt så snart som råd er, så unngår alle partar mistydingar.